

DETALJREGULERING
STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 og 11, STOKKELAND
VESTNES KOMMUNE

PLANOMTALE

25.05.2023



PlanID 15350160

1 BAKGRUNN

GRUNNLAG

Denne reguleringsplanen med tilhøyrande plandokument er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova kap 12 og tilhøyrande «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl» og «Kart- og planforskriften, og vegleiar for reguleringsplanarbeid, datert 2022.

TILTAKSHAVAR OG PLANRÅDGJEVAR

Tiltakshavar for denne reguleringsplanen er eigaren av gnr. 49 bnr. 3 i Vestnes kommune; Leif Olav Stokkeland, som også er eigar av Stokkeland Traktordrift DA, som driv steinuttaket i dag, saman med eigarane av gnr. 49 bnr. 11.

Planrådgjevar er Ing. Jostein Bø, Kråkvika 33, 6390 Vestnes.

MÅLSETJING:

Tiltakshavaren si målsetjing er å utarbeide ein reguleringsplan som heimelsdokument for utviding og vidare drift av eksisterande steinuttak.

2 PLANPROSESSEN

I samband med tidlegare dispensasjonssøknad vedtok planutvalet i Vestnes kommune at som grunnlag for vidare drift av steinuttaket, må det utarbeidast ein reguleringsplan. Utvalssak 86/2019

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 er reguleringsspørsmålet lagt fram for Vestnes kommune gjennom planinitiativ datert april 2020.

Det vart halde oppstartsmøte med Vestnes kommune den 25.06.2020. Det ligg føre referat frå møtet, og det vart i møtet gitt klarsignal til at reguleringsarbeidet kunne settast i gang.

Oppstart av planarbeidet vart varsla gjennom brev til naboar og høyringsinstansar, datert 22.03.2021, og annonse i Vestnesavisa.

Det kom inn 4 innspel til planarbeidet etter dette varselet. Desse er oppsummert og kommentert i eige vedlegg.

PLAN- OG BYGNINGSLOVA §4 OM KONSEKVENSGREIING.

I samband med oppstartsfasen for dette reguleringsarbeidet har kommunen ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing, jfr. referat frå oppstartsmøtet.

Plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiing stiller følgjande krav om når konsekvensutgreiing skal utarbeidast:

PBL § 4-2 andre avsnitt: . . . og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkningar for miljø og samfunn.

Forskrifta Kap 2, § 6: Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding: b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.

Forskrifta Kap 2, § 8: Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkningar etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding: a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.

Gjeldande arealplan i dette området er kommuneplanens arealdel (2015). Denne viser det eksisterande masseuttaket som *nåvernde - andre typer bebyggelse og anlegg*.

Konklusjon: Det vil seie at arealbruken for denne delen er avklart, og at det i samanheng med reguleringsplanen ikkje er aktuelt med eit lokaliseringsspørsmål.

Vedlegg I til forskrift om konsekvensutgreiing pkt 19 gjeld store anlegg for uttak av mellom anna stein. Dette aktuelle tiltaket er vesentleg mindre enn desse, og blir såleis ikkje omfatta av dette kriteriet, og dermed utløyser ikkje dette punktet krav om konsekvensutgreiing her.

Vedlegg II til forskrift om konsekvensutgreiing pkt 2a seier at *Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som skal vurderes nærmere gjeld for Mineraluttak, herunder torvskjering*.

Vurdering:

Forskrift om konsekvensutredning § 10 første ledd:

- a. Storleik, planområde og utforming:
Planområdet er knapt 59 daa stort, der sjølve tiltaket er avgrensa til ca 47 daa. I tillegg til innregulering av deler av «Djupmyra» som naturområde, er det sett av ein buffersone rundt heile masseuttaket.
- b. Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar:
Tiltaket her gjeld uttak av sprengt fjell til bruk som stein og pukk i anleggssamanheng. Den delen som ikkje er tatt i bruk omfattar utmark med skog av middels kvalitet, og utgjør ikkje spesielle biologiske ressursar.
- c. Avfallproduksjon og utslepp:
Utslepp er omtala i ROS-analysen, og representere ikkje ei utfordring for miljø og/eller samfunn.
- d. Risiko for alvorlege ulykker og eller katastrofar:
Temaet er omtala i ROS-analysen, med oppsummering at vidareføring av aktiviteten i samsvar ny reguleringsplan ikkje representerer eit vesentleg auke i risikosituasjonen på staden.

Konklusjon: Reguleringsplanen viser ei avgrensa utviding av eksisterande og tidlegare planavklart masseuttak. Men utvidinga, med buffersone mot «Djupmyra» og terrengvollar, vil ikkje innebere slik fare eller risiko for miljøet at kravet om konsekvensutgreiing blir gjort gjeldande. Samfunnsverknadane vil i hovudsak vere positiv ved at ein kan tilby eit etterspurt produkt i merknaden, om enn i moderat omfang.


Oppsummert er lov og forskrift med tilhøyrande intensjon vurdert slik at plan- og bygningslova sitt krav om konsekvensutgreiing i § 4.2 ikkje blir gjort gjeldande.

3 PLANOMRÅDET

LOKALISERING

Planområdet ligg på nordsida av Fylkesveg 661 mellom Stokkeland og Furland, og utgjer ca 59 daa. Det er avgrensa i sør til reguleringsplanen for FV 661 Vik – Furneskryset, i aust til dyrkamarka på gnr. 49 bnr. 3, og i nord til høgspenline. I vest er grensa fastsett etter avtale mellom dei to grunneigarane.

Tilkomsten til området er frå Fv 661/Stokkelandsvegen.



Eksisterande masseuttak er på ca 24 daa.

MASSEUTTAKET

Eksisterande masseuttak har vore i drift i meir enn 20 år, som ei einmannsverksemd. Aktiviteten baserer seg på uttak av fast fjell. Denne blir brukt i grove fyllingar, t.d. i samband med bygging Tresfjordbrua. Noko blir knust og brukt i bygge- og anleggsbransjen, som vegbygging og tomteopparbeiding.

Fjellgrunnen er gneis, med varierende sprekkdanning. Det har vore tatt prøver som viser at fjellet har god kvalitet, og kunne vore brukt i asfaltproduksjon og berelag i riks- og fylkesvegar. Men med dei uttaksmengdene som her har vore, er desse for små til at det har vore aktuelt.

LANDSKAP


Terrenget har eit fall frå nord til sør, høgdeforskjell ca 20 m på det meste. I tillegg fell terrenget frå aust mot vest.

Området i vest som ikkje er tatt i bruk er skogledd, og delvis grunnlendt. I nordaust er området meir prega av lyngvegetasjon.

Nord for planområdet ligg «Djuomyra», som er registrert i NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) si kartløyising KILDEN.

BUSETNAD

Innanfor illustrasjonen nedanfor er det 12 bustadhus, 5 av desse med ein avstand på mellom 320 m og 500 m frå midt i planområdet. Dei 4 i aust er tiltakshavar og grunneigarane sine. Til nærast hus utanom er det tilsvarande ca 430 m. Dei andre bygningane er driftsbygningar, sagbruk, uthus og garasjar, lagerbygg og bilverkstad.



Illustrasjon som viser bustader i nærleiken, og avstandssirkel 500m

SAMFERDSEL


Planområdet ligg langs Fv 661, som er hovudveg mellom E39 ved Furneskryset og gjennom heile kommunen vestover.

Trafikkmengda er på ca 2.900 ÅDT.

GJELDANDE AREALPLANAR ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kommuneplanens arealdel for Vestnes kommune vart gjort gjeldande 01.10.2015. Eksisterande massetak er der vist som *andre typar bygningar og anlegg – noverande*. Det er ikkje gitt særskilte føresegner for området, anna enn det generelle kravet om reguleringsplan som kjem fram av punkta 11.2.1 og 11.5.

Det er tidlegare ikkje utarbeidd reguleringsplan for planområdet eller deler av dette. Men området grensar inn til vedtatt reguleringsplan for Fv 661 Vik – Furneskryset, planID 20180149. Formålet med reguleringsplanen er først og fremst å avklare gang- og sykkelveg på heile strekninga, kryss- og avkøyrsløysingar og busshaldeplassar. I området for denne reguleringsplanen er det regulert inn avkøyring frå fylkesvegen, som samsvarar med eksisterande.



Utsnitt av gjeldande reguleringssituasjon

ANDRE FORHOLD

Friluftsliv

Innanfor planområdet eller i nærleiken av dette er det ikkje registrert gamle eller nye turvegar/stiar eller område som blir brukt til friluftsliv.

Vilt, artar og naturtypar

I Miljødirektoratet sin Naturbase er det ikkje gjort registreringa av naturtypar, artar eller andre naturverdiar som planarbeidet kjem i direkte konflikt med.

«Djupmyra» er registrert som naturtype både hos Miljødirektoratet og NIBIO. Myr er i utgangspunktet ein naturtype det er knytt stor merksemd til i samband med CO₂-lagring, at myr representerer ein viktig naturtype for magasinering av vatn, og slik redusere flaumfare, samtidig som dei er biotopar/økosystem det er verd å ta vare på.

Vurderingar av «Djupmyra» er gjort i eige vedlegg.

I Vestnes kommune er det gjort biologisk mangfaldsvurderingar i fleire omgangar, utan at det er gjort viktige registreringar her.

Det er ikkje registrert særskilte artar innanfor planområdet. I den naturfaglege rapporten er vegetasjonen karakterisert som fattig, dvs. utan store variasjonar og med få og tradisjonelle artar. Det er registrert den uønska plantearten hagelupin innanfor planområdet og i nærleiken.

Kulturminne

Det er ikkje gjort registreringar av automatisk freda kulturminne, eller andre kulturminne innanfor planområdet.

Like aust for planområdet vart det i samband med regulering av gang- og sykkelveg gjort busettingsaktivitet datert til bronsealder/jernalder. Funnet er registrert i Riksantikvarens kulturminnesøk og tatt inn i reguleringsplanen.

VERKNADER AV PLANEN

Arealbruk/aktivitet:

Reguleringsplanen vil gje rom for utviding av eksisterande massettak. Med dei avgrensingane som er gjort i plan og føresegner, vil dette ikkje føre med seg nye eller uakseptable ulemper eller risiko for omgivnadane, miljø eller samfunn. Eksisterande driftsplan skal reviderast og godkjennast av Direktoratet for mineralressursar.

Trafikk og trafikktrygging:

Tilkomsten frå Fv 661 er vurdert i ROS-analysen.

Ny reguleringsplan endrar ikkje avkøyringsforholda, og drifta av massetaket vil vere som i dag. Nødvendig tiltak for å ikkje å endre forholda, vil vere å oppretthalde sikta i tråd med Handbok N100. – Dette gjeld innanfor reguleringsplanen for Fv 661, og er ikkje innarbeidd vidare i denne planen.

Støy og støv:

Steinbrudd/masseuttak skaper støy på fleire måtar; sprenging, graving og knusing. Av desse er det knusing av stein som er den største støykjelda, og som går heile dagen når det står på. Dette uttaket er eit pågåande anlegg. Det er gitt restriksjonar for drifta gjennom tidlegare utarbeidd driftsplan.

Mellom anna skal knusing av stein avgrensast til mellom kl. 07:00 til 19:00 på kvardagar og 07:00 til 16:00 på laurdagar. Knusing av stein vil kunne skje ein til to gonger i året, 2-3 veker om gongen. Aktivitet med mobilt knuseverk er elles regulert av forurensningsforskrifta kap. 30. Eksisterande krav til verksemda er innarbeidd i reguleringsføresegnene.

For å redusere eventuelle sjenerande støvplager, er verksemda pålagt å vatne.

Innafor ein avstand på 500 m ligg det fire bustader, ein av desse tilhøyrrer drivaren. Omfanget av drifta, og dermed intensiteten på støy- og støvutslepp, vil ikkje endre seg vesentleg frå slik det er i dag.

Med den topografien som er i området, og dei erfaringane som er gjort gjennom dei ti-åra uttaket har vore i drift, konkluderer ein med at støyulempene ikkje endrar seg i vesentleg grad.

Klimatilpassing:

I dei *Statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* pkt. 4.3 blir det stilt krav om å kva kunnskapsgrunnlag som er lagt til grunn for planen.

Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ein *Klimaprofil for Møre og Romsdal*. Denne tek for seg endringar i naturbaserte faktorar som auka nedbørsmengder, større intensitet og kortare tidsintervall mellom slike hendingar. Det blir vist til farekart og aktsemdskart som NVE forvaltar for havnivåstigning, stormflo, flaum og skred m.m.

Vestnes kommune utarbeidde i 2011 ein *Energi- og klimaplan*. Denne fokuserer særleg på reduksjon i energiforbruket og dermed reduksjon av klimagassutsleppet, både i kommunen si eiga verksemd og i samfunnet elles. Den seier lite om klimatilpassing.

I kommuneplanens arealdel frå 2015 er ikkje klimatilpassing innarbeidd. Heller ikkje i samfunnsdelen.

Målsettinga for arbeidet med klimatilpassing er at av lokalisering og opparbeidingar av nye utbyggingsområde, bygningar og anlegg, skal vere robust nok til å tole dei klimaendringane ein

står framfor. Med robust meiner ein også at løysingar for nye anlegg og bygningar ikkje skal føre til auka fare eller ulempe for andre.

For denne planen er det utarbeidd ei ROS-analyse. I denne har ein tatt utgangspunkt i NVE sine fare og aktsemdskart, der også gjeldande klimapåslag er innarbeidd.

Tiltak etter denne planen vil ikkje føre til vesentlege endringar av avrenningsforholda i området. Avrenning frå sjølve massetaket skal førast til sedimenteringsdam før vatnet blir ført vidare. Ein slik dam vil også fungere som ei utjamning av avrenninga.

Lokaliseringsspørsmålet er ikkje vidare drøfta då planen gjeld utviding av eksisterande massetak, som er innarbeida i kommuneplanens arealdel. Det blir lagt til grunn at dette masseuttaket og tilhøyrande aktivitet har ei slik lokalisering og avgrensa omfang, at så lenge samfunnet har behov for tilgang av dette produktet, vil aktiviteten vere innanfor det akseptable med omsyn til miljø og berekraft.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

Etter § 8 skal avgjerder som har verknad for naturmangfaldet «*så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.*»

Det er ikkje registrert naturtypar eller artar i Artsdatabanken og Naturbase i planområdet eller i dei tilgrensande områda, utanom «Djupmyra».

«Djupyra» er Miljødirektoratets Naturbase registrert under temaet «Naturtype myr», definert som *kystmyr* (naturtypekode A08) med verneverdi C, *lokalt viktig*.

Biologisk mangfald har vore registrert i fleire omgangar i Vestnes kommune, utan at i dette området har gjort funn av særskilte artar eller naturtypar.

Heller ikkje gjennom andre arealplanprosessar tidlegare – kommuneplanens arealdel og reguleringsplan for Fv 661 er det kome fram kunnskap om særlege naturtypar eller sårbare artar. Myr er ein naturtype som nasjonalt er vurdert som viktig å ta vare på med omsyn på både karbonfangst, biotop og økosystem, og som stabiliserande faktor i klimasamanheng (auka nedbør). Mellom anna er det innført forbod mot nydyrking av myr.

Det er usikkert om meir enn 50 daa av «Djupmyra» kan klassifiserast som høgmyr, og såleis bli klassifisert som svært viktig.

I dei registreringane som er gjort, er myra vurdert som artsfattig.

Gjennom dette reguleringsarbeidet er det likevel innarbeidd ein føresetnad om at utviding og vidare drift av massetaket ikkje skal ha negativ innverknad på myrområdet «Djupmyra». Det betyr at tiltaket ikkje vil redusere myra sin verdi og eigenskap som vassmagasin og biotop for dei eksisterande artane der.

Konklusjon:

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt nok, og føre-var-prinsippet i § 9 blir såleis ikkje gjort gjeldande.

Verknaden av planen på natur og omgivnader er vurdert ikkje å føre til meirbelastning utover tolegrensene. Jfr. § 10 i naturmangfaldlova.

Slik plankart og planføresegner er utforma, vurderer ein at tilbakeføring av planområdet tek rimeleg omsyn til landskap, natur og miljø, slik § 12 forutset.

Kulturminne

Det er ikkje påvist eller registrert fornminne eller automatisk freda kulturminne som planen må ta omsyn til.

I plankartet er det vist eit kulturminne registrert i reguleringsplanen for Fv 661 Vik – Furneskryset, RpBO231194. Dette ligg utanfor planområdet, men ved aktivitet i nærleiken skal det takast nødvendig omsyn til dette.

ROS-analysen

ROS-analysen er utarbeid i samsvar med Direktoratet for sikkerhet og beredskap sin rettleiar for «Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging», med vedlegg.


Det er ikkje identifiserte forhold som må innarbeidast i plankart og føresegner.

ETTERBRUK

Den aktuelle etterbruken av området er å fylla tilbake med overskotsmassar og istandsetjing som produksjonsjord for landbruksdrift. Overskotsmassar vil vere lausmassar frå massetaket, og massar frå anleggstiltak i nærområdet.

Slik oppfylling vil ta utgangspunkt i dyrkajorda som ligg rett aust for massetaket, og bli lagt med fall vestover. Samstundes vil nye kôter vere samanfallande med eksisterande terreng i vest.

Det er lagt ved plan for planering av området/- avslutningsplan. Denne skal vere ein del av revidert driftsplan som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning.



Plan for avslutning/etterplanering

5 REGULERT AREALBRUK-AREALOVERSIKT

| | |
|---|-----------------------|
| Nivå 1 – Planområdet | 58.611 m ² |
| Nivå 2 – Reguleringsformål | |
| Massetak, steinbrudd, BRU | 46.628 m ² |
| Naturområde, NLA | 5.089 m ² |
| Komb. gr.struktur/sikringsområde | 6.894 m ² |
| Nivå 3 – Omsynssone, fareområde høgspenline, H370 | 2.835 m ² |

6 REFERANSAR

Plan- og bygningsloven, med tilhøyrande forskrifter om

Behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven

TEK17

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Klimaprofil for Møre og Romsdal

Direktoratet samfunnssikkerhet og beredskap

DSB Veileder Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Farekart kvikkleire

Fare- og aktsemdskart for flaum

Fare- og aktsemdskart for skred

Vegleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanleggingen

Miljødirektoratet

Naturbase: naturområder/-typar

Artar

Miljøveileder for pukkverk, M-1136/2018

Riksantikvaren

Kulturminnesøk og SEFRAK-register

Statens vegvesen

Handbok N100 og N101

Vegkart

Vestnes kommune kommune

Kommuneplanen med arealdel (2015)

Kommuneplanens samfunnsdel (2015)

Energi og klimaplan (2011)

Reguleringsplan Fv661 Vik-Furneskrysset

JOBing

Ing. Jostein Bø
Kråkvika 33
6390 Vestnes